

# Bestandsplan 2023 - 2025

## Lærdal Bestandsplanområde



Foto: Johan Trygve Solheim

**Bestandsplanen er reidskapen for å drive ei målretta forvaltning av hjorten i området framover. Den beskriv bestandsutviklinga slik den har vore utifrå tilgjengelige data og anna kunnskap. Planen gjev føringar for avskytinga i planperioden for valda som sluttar seg til bestandsplansamarbeidet. Planen opnar opp for overføring og flytting av løyver mellom valda i samarbeidet.**



## Innhold

1. Innleiing .....	2
2. Bestandsplanområdet si avgrensing og storleik .....	3
2.1 Kart over planområdet.....	3
2.2 Oversikt over valda innan årsleveområdet:.....	3
3. Organisering, drift og økonomi .....	5
3.1 Organisering.....	5
3.2 Drift og administrasjon.....	5
3.3 Økonomi.....	5
4. Avskyting, bestandsutvikling, mål og status i årsleveområdet .....	5
4.1 Kommunal målsetjing, minsteareal og overordna føringar vedr CWD .....	5
4.2 Evaluering av føregående planperiode .....	6
4.3. Avskyting innan årsleveområdet.....	8
4.3.2 Samla avskytinga fordelt på kjønn og alder.....	9
4.4. Sett hjort og vårteljing.....	11
4.4.1 Bestandsutvikling.....	11
4.4.2 Jakttrykk.....	14
4.4.3 Vårteljing.....	14
4.5 Status for bestandsutviklinga .....	15
5 Mål for bestandsplanen .....	15
5.1 Hovudmål:.....	15
5.2 Delmål:.....	15
6. Handlingsdel – avskytingsplan.....	15
6.1 Avskytingsplan.....	15
6.2 Fordeling av fellingskvote til valda.....	17
6.3 Overføring av fellingsløyve mellom vald, fellesjakt.....	17

## 1. Innleiing

### **Bestandsplan for Lærdal Bestandsplanområde for perioden 2023 - 2025**

Våren 2016 vart det oppdaga CWD på villrein i Nordfjella og fokuset var då fyrst å redusere og seinare å desimere villreinbestanden i sone 1. Seinare vart det frå overordna myndigheiter i 2017 framsett ynskje om å redusere bestandstettleiken for alle hjorteviltartane i «Nordfjellaregionen». Dette for å redusere smittepresset og faren for at CWD skal smitte vidare til andre artar. I Lærdal tok kommune og jaktrettshavarar raskt grep og avskytinga av hjort vart auka betydeleg frå 398 felte hjort i 2016 til 785 felte i 2017. Lærdal bestandsplanområde fekk i 2018 utarbeidd ny bestandsplan for perioden 2018 – 2019. Denne hadde som hovudmål å redusere bestanden monaleg utan noko konkret måltal og samstundes byggje ei meir robust bestand med auka gjennomsnittsalder.

Seinare vart det våren 2019 frå Miljødirektoratet sett mål for reduksjonen av hjorteviltbestandane i Nordfjellaregionen til ei halvering av bestandsstorleik i høve i 2016. NINA fekk i oppdrag å estimere bestandsstorleiken for hjortebestandane i regionen som utgangspkt for bestandsreduksjonen. Våren 2020 gjorde NINA ei evaluering av reduksjonsavskytinga i regionen utifrå bestandsestimater. I Lærdal kommune fann ein då at målet om halvering i høve bestandsestimater for 2016 var nådd. Seinare data frå Sett hjort, vårteljing og fellingstal syner at bestandsestimater nok var for lågt og at ein ikkje då ikkje hadde nådd målet om ei halvering likevel.

Bestandsplanen tek føre seg datagrunnlaget for alle valda i kommunen uavhengig om valda har slutta seg til bestandsplanområdet eller ikkje. Med bakgrunn i tilgjengeleg datamateriale frå fellingsstatistikkar, vårteljingar, Sett hjort, Overvakingsprogrammet for hjortevilt og NINA si evaluering av bestandsreduksjon etter jakta i 2019/20 har ein freista å gjere opp status for hjortebestanden i området.

Utifrå dette og ynskje for framtidig utvikling har ein utarbeidd plan for avskytinga i neste 3 års periode.

## 2. Bestandsplanområdet si avgrensing og storleik

Bestandsplanområdet omfattar heile Lærdal kommune.

### 2.1 Kart over planområdet



### 2.2 Oversikt over valda innan årsleveområdet:

Vald id	Valdnavn	Teljande areal	Tildelt 2020 - 2022	Felt 2020 - 2022	Daa pr tildelt	Daa pr felt	Fellings %
4642V0006	Tråna	4367	32	11	409	1191	34
4642V0007	Stødno	17472	131	72	400	728	55
4642V0008	Mjelde	5641	42	35	403	484	83
4642V0009	Hunderi	6337	47	38	404	500	81
4642V0010	Hauge	5044	37	53	409	286	143
4642V0011	Søndre Bjørkum	2850	21	19	407	450	90
4642V0012	Borgund	8775	42	53	627	497	126
4642V0013	Klovsteinteigen	1750	9	6	583	875	67

4642V0014	Voldum	1325	6	1	663	3975	17
4642V0015	Horge	2769	14	14	593	593	100
4642V0016	Hatleberg	2365	12	3	591	2365	25
4642V0017	Østre Smedalen	11867	60	6	593	5934	10
4642V0018	Kvamme	6577	33	16	598	1233	48
4642V0019	Gramstølen	1312	7	1	562	3936	14
4642V0020	Hegg-Skårheim	3083	13	10	711	925	77
4642V0023	Gram	5682	27	27	631	631	100
4642V0024	Smedalen	6033	30	2	603	9050	7
4642V0025	Eggum	556	3	5	556	334	167
4642V0026	Kyrkjevoll	3297	16	6	618	1649	38
4642V0027	Nesdalen Aust	4964	25	9	596	1655	36
4642V0028	Nesdalen Vest	7460	37	31	605	722	84
4642V0034	70-757Vindedalen	22434	112	38	601	1771	34
4642V0036	Kvigno	6434	48	22	402	877	46
4642V0037	Refsnes	13927	70	20	597	2089	29
4642V0038	Tønjum	20363	152	93	402	657	61
4642V0039	Øyrali Vest	1117	8	13	419	258	163
4642V0040	Røytnes	1934	12	3	484	1934	25
4642V0041	Eri	9200	69	71	400	389	103
4642V0042	Glip	5577	39	17	429	984	44
4642V0043	Erdal	4735	33	26	430	546	79
4642V0044	Grøtte	10237	77	51	399	602	66
4642V0045	Hovardsete	2395	18	9	399	798	50
4642V0046	Bø	5368	43	50	375	322	116
4642V0047	Frønningen	46739	234	131	599	1070	56
4642V0048	Mo/Raasdalen/Øyradalen	28816	213	144	406	600	68
4642V0050	Erdal Austre	9060	68	45	400	604	66
4642V0051	Bermål-Fodnes	11986	90	40	400	899	44
4642V0052	Vardahaug	1407	10	0	422	0	0
4642V0053	Sprakehaugane	720	3	2	720	1080	67
4642V0054	Kvitaberg	994	7	3	426	994	43
4642V0058	Ljøsendalen-Husum	12123	91	56	400	649	62
4642V0060	Ljøsne	12020	90	55	401	656	61
4642V0061	Oftedalen	897	7	3	384	897	43
4642V0062	Seltun-Seltøyn-Nedre Kvamme	10352	75	39	414	796	52
4642V0063	Nordre Bjørkum	2575	19	15	407	515	79
4642V0065	Øyrali Aust	1617	12	8	404	606	67
4642V0066	Mørkedøla	5471	27	12	608	1368	44
4642V0067	Eråksdalen Aust	2704	13	3	624	2704	23
4642V0069	Steinkleppen	542	3	0	542	0	0
4642V0070	Kvenshagen	966	4	5	725	580	125
4642V0071	Eraker	2934	12	8	734	1100	67
	Sum/ gjnsn.	365170	2303	1400	25915	783	61

**Tabell 1: Syner godkjent areal for valda innanfor området, tildelte og felte hjort for jakta i siste planperioden (2020 – 2022) og arealgrunnlag for kvart tildelt fellingsløyve og felt hjort samt fellingsprosenten. Av det totalt godkjende teljande arealet utgjer valda som er tilslutta bestandsplanområdet 311638 daa.**

### 3. Organisering, drift og økonomi

#### 3.1 Organisering.

Det er valda som er medlem i bestandsplanområdet og det skal arbeidast for at alle valda innan området vert med i bestandsplanområdet. Valda som er med i bestandsplanområdet må skriftleg tilslutte seg samarbeidet.

Bestandsplanområdet si hovudoppgåve er å drive hjorteforvaltning innafor område. Dette gjennom utarbeiding, gjennomføring og oppfølging av bestandsplan.

Bestandsplanen omhandlar berre sjølve avskytinga for området og ikkje noko i høve den praktiske jaktutøvinga for dei einkilde jaktvalda. Desse består som sjølvstendige einingar og får tildelinga av fellingsløyve frå kommunen i samsvar med bestandsplanen. Valda skal og rapportere fellingsresultatet og anna til kommunen i samsvar med gjeldande fristar.

Bestandsplanen er kunnskapsbasert og utarbeidd med grunnlag i tilgjengelig datamateriale i høve Sett hjort, fellingsstatistikkar og vekt/kondisjonsutvikling med bakgrunn i slaktevektar og resultat frå Overvakingsprogrammet for hjortevilt.

#### 3.2 Drift og administrasjon

Bestandsplanområde, har eige styre som er ansvarleg for den faglege og administrative oppfølginga av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i Bestandsplanområdets arbeidsplan og budsjett.

#### 3.3 Økonomi

Styret får fullmakt til å utarbeide budsjett og handlingsplan og søker det kommunale viltfonda om tilskot utifrå dette.

### 4. Avskyting, bestandsutvikling, mål og status i årsleveområdet

#### 4.1. Kommunal målsetjing, minsteareal og overordna føringar vedr CWD

I høve forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 skal kommunar der det er opna for jakt etter elg, hjort og rådyr fastsetje mål for utviklinga av bestandane. Desse måla skal m.o.a. ta omsyn til beitegrunnlag, bestandsutvikling og skader på naturmangfald, jord- og skogbruk samt viltulukker på veg og bane. Bestandsplanar skal vere i samsvar med overordna føringar og kommunal målsetjing. I 2016 vart det gjort funn av CWD på villrein i Nordfjella og villreinbestanden her er no utrydda, men smitten kan overleve lenge i jordsmonn m.v. For å redusere faren for overføring av smitte til anna hjortevilt har sentrale styremakter difor oppmoda om å redusere bestandane av elg og hjort i tilgrensande område. Miljødirektoratet har i skriv av 09.06.2020 sagt at kommunar med høg bestandstettleik bør meir enn halvere bestanden i høve 2016 nivå for å redusere faren for overføring av CWD. Dette gjeld Lærdal, og det er og antyda at ein bør ha bestandar av elg og hjort i storleik mindre enn 1 dyr per km<sup>2</sup> skog og myr. Lærdal kommune held på å reviderar kommunalt mål for hjortevilt, og har sagt at dei vil fylgje føringar frå Miljødirektoratet i høve bestandsreduksjon. Det er i høvudsak skog og myr under tregrensa som skal leggjast til grunn for godkjenning av areal for jakt på hjortevilt. For Lærdal så er det godkjende arealet for elg og hjort 365 km<sup>2</sup> og det inneber at om ein skal fylgje dette bør vinterbestanden vere på 365 dyr totalt for elg og hjort. Om ein legg til grunn at ein kan hauste om lag ¼ av dette inneber det ei årleg avskyting på ca 90 hjort etter bestandsreduksjonen. Lærdal bestandsplanområde meiner dette er eit heilt urimeleg og urealistisk lågt mål og eit sterkt inngrep i jaktrettshavarane sine rettar. Lærdal kommune har eit samla areal



1.343 km<sup>2</sup> og hjorten nyttar store delar av dette i delar av året. Riktignok er hjorten konsentrert på mindre areal gjennom vinteren men berre ein mindre del av bestanden trekkjer mot Nordfjella. Gjeldande minsteareal for hjort i Lærdal kommune er 500 daa.


## 4.2 Evaluering av føregående planperiode

Bestandsplanområdet er no ferdig med bestandsplanen for perioden 2020 – 2022. Planen for perioden har hatt desse måla for bestandsutviklinga:

- Hovudmål har vore å redusere bestandsstorleiken og å byggje ei meir robust bestand.
- Auke gjennomsnittsalder hjå dei vaksne dyra i bestanden
- Auka produktivitet i bestanden – auke i indeksen i sett kalv per kolle.
- Auka slaktevekter

### 4.2.1 Redusere bestandsstorleiken

Hovudmålet for planperioden har vore å redusere bestanden i høve nivået før planen vart utarbeidd i 2020 med mål om ei årleg avskyting på 550 hjort fyrste året og 450 andre året og 350 siste året, til saman 1.350 hjort for heile planperioden.




Figur 1 Syner Sett hjort pr jegerdag ved utmarksjakt og tal felte hjort pr år.

Etter funn av CWD i Nordfjella 2016 vart det oppmoda om å redusere bestandane av anna hjortevilt i tilgrensande område. Kommunen la til rette for dette med auka tildelingar m.v. Grunneigarane tok oppmodinga alvorleg og talet felte hjort vart nær dubla frå 398 i 2016 til 785 i 2017. Etter dette gjekk fellingstala noko ned men har seinare lege godt over nivået før 2017. Fellingstalet for perioden har variert frå 421 til 532 hjort pr år med eit gjennomsnitt på 467 dyr, til saman 1.400 i planperioden. Ein har såleis klart avskytingsmålet for perioden godt. I høve hovudmålet om bestandsreduksjon så tyder likevel Sett hjort registreringane at ein ikkje har hatt nokon større bestandsreduksjon etter 2017. I 2018 vart instruksen for registrering av «dobbelobservasjonar» endra noko som kan ha medført at indeksen då vert høgare enn før ved same bestandstettleik. Bruk av termisk kikkert under jakta har auka betydeleg dei seinare åra noko som medfører at det vert observert fleire hjort enn utan som og vil påverke indeksen. Tilbakemeldingar frå jegerar er og eintydige på at det dei seinare åra har vorte færre hjort å sjå. Ein legg difor til grunn at ein har hatt vidare bestandsreduksjon i åra etter 2018 og såleis og nådd målet om bestandsreduksjon.

#### 4.2.2 Auke gjennomsnittsalder på dyra i bestanden


Det er gjennomført aldersfastsetjing av ein del av dei felte dyra i området nokre år. Datagrunnlaget her er likevel for lite til å kunne sei noko sikkert i høve aldersutviklinga. Data frå Overvåkingsprogrammet for hjortevilt har synt at gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestandane er aukande med aukande andel av kalv og ungdyr i jaktuttaket.



Figur 2 Syner kor stor andel kalv og ungdyr har utgjort av det samla jaktuttaket.

Kalv og ungdyr samla har utgjort ein stor del av det samla jaktuttaket høvesvis lenge. Kalv har dei seinare åra utgjort over 35 % av det samla uttaket. Utifrå dette er det sannsynleg at gjennomsnittsalderen til dyra i bestanden her og er aukande til liks med det ein ser i overvåkingsområda. Såleis er målet om å auka gjennomsnittsalder nådd, men gjennomsnittsalderen er truleg framleis låg.

#### 4.2.3 Auka produktivitet i bestanden – auke i indeksen i sett kalv per kolle




Figur 3 Syner indeksen for Sett kalv per kolle,

Indeksen har i lengre tid vore nokolunde stabil kring 0,6 og tyder så leis ikkje på nokon endring i andelen koller som har kalv. Ein auka andel kalv i uttaket dei seinare åra kan her ha vore med å påverke denne indeksen negativt utan at det faktisk er færre koller som før fram

kalv. Ein har her auka andelen kalv som i gjennomsnitt for planperioden har utgjort 37 % av det samla uttaket. Det kan såleis vere at det er fleire koller som før fram kalv utan at det syner på indeksen. Utifrå dette og vurderingane om auka gjennomsnittsalder (pkt 4.2.2) er det sannsynleg at dette er tilfelle her.

#### 4.2.4 Auka slaktevekte

Det er registrert slaktevekte frå felt hjort i området sidan 2013 med unntak av for 2018. Då dei vaksne dyra ikkje er aldersbestemte er det vektene for kalvar og ungdyr det er aktuelt å sjå på.



Figur 4 Syner registrerte slaktevekte for kalvar og ungdyr i området.


Det er eit høvesvis begrensa tal av felte dyr det er registrert slaktevekte frå og talet registrerte vekte varierar og ein del mellom år. Ein skal difor vere varsam med å legge for stor vekt på desse tala. Å snu trenden frå minkande vekte til å verte aukande er noko som tek tid og som ikkje kan forventast innan ein 3 års periode. Grunna varierende beitekvalitet mellom år vil slaktevektene variere mellom år og ein må difor sjå etter trendar i utviklinga over ein del år. Vektene for både kalvar og ungdyr kan synest å vere relativt stabile dei siste åra.

#### 4.3. Avskyting innan årsleveområdet

Under føresetnad av at jakttrykket vert oppretthalde nokolunde jamt og at det ikkje vert sett i verk særskilde tiltak for å påverke bestandsutviklinga for større område samla vil fellingsstala over tid kunne sei noko om bestandsutviklinga. Dette i lag med tildelte fellingsløyve og fellingsprosenten vil og på kortare sikt kunne sei noko om bestandsutviklinga. Fellingsprosenten vert rekna ut på bakgrunn av kor mange av tildelte fellingsløyve som vert felt.




#### 4.3.1 Samla avskyting i årsleveområdet 2010 - 2021



Figur 5: Syner tildelte og felte dyr ( venstre akse samt fellingsprosenten (høgre akse) for perioden 2008 - 2022


Tildelinga vart auka monaleg i 2017 og ytterlegare i 2018 – 2019. I 2017 auka fellingstalet merkbart og vart nær dobla frå 398 felte hjort i 2016 til 785 i 2017. Deretter gjekk fellingstala trass i auka løyvetildeling ned, men har framleis lege over nivået i 2016.

#### 4.3.2 Samla avskytinga fordelt på kjønn og alder.



Figur 6: syner kor stor del kalv, spissbukk, fjorkolle og kalv og ungdyr samla utgjer i % av samla jaktuttak for heile årsleveområdet.


Låg gjennomsnittsalder blant produksjonsdyra er ei utfordring dei fleste stader på Vestlandet og ein medverkande årsak til reduserte slaktevektar og kondisjon hjå dyra. Kalv har her utgjort ein aukande del av det samla uttaket og har i planperioden utgjort 37 % av det samla uttaket. Dette er ei positivt utvikling då ein stor del av uttaket på tilveksten vil medføre aukande alder på produksjonsdyra i bestanden. Andelen ungdyr har og auka noko dei 2 siste åra, noko som den utvida jakttida i januar har bidrege med i lag med frie kvotar.



**Figur 7: syner andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.**

Eldre hodyr (kolle) har ei tid utgjort ein relativt stor andel av det samla jaktuttaket noko som har vore positivt i høve føremålet om å redusere bestanden og å betre kjønnsbalansen i bestanden. I høve gjennomsnittsalderen til produksjonsdyra ville dette ha vore negativt om det held fram over lang tid. I siste planperioden er ein større del av hodyruttaket fjørkoller og andelen koller dermed redusert. Siste året utgjorde koller berre 17 % og for planperioden samla 21 %.

Bukk har dei seinare åra utgjort ein mindre del av jaktuttaket og utgjorde for planperioden samla berre 11 % av det samla uttaket. Dette er særst positivt og bra i høve målet om å få meir vaksne hanndyr i bestanden.



**Figur 8: syner kjønnsfordelinga blant dei felte dyra for alle årsklassar samla.**

Fordelinga av avskytinga på kjønn har sidan 2016 hatt ei overvekt av hodyr men er siste året snudd til ei lita overvekt av hanndyr. For siste planperioden samla så har hanndyr utgjort 47,6 % og hodyr 52,4 % i samsvar med avskytingsplanen som sa at jaktuttaket skal ha ei overvekt av hodyr.

## 4.4. Sett hjort og vårteljing

Sett hjort er eit styringsverktøy som er basert på at jegerar registrerar tal observerte hjort under jakta. Dette i saman med opplysingar om jaktinnsats samt felte dyr dannar grunnlaget for å rekne ut ei rekkje indeksar. Endringar av desse indeksane over tid gjev signal om endringar i bestandsmessige tilhøve.

Hjorten har store leveområde i gjennom året og kan utifrå ver og beitetilhøve bruke terrenget noko ulikt frå år til år. Dette i lag med tilfeldige avvik gjer at ein ikkje kan nytte Sett hjort på små einingar som mindre vald og jaktfelt. Ein kan heller ikkje utan vidare samanlikne indeksane frå eit område til eit anna. Data vert registrert særskilt for jakt på innmark og i utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje ein skilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar.

Tilhøve som påverkar observasjonane kan og variere frå år til år og ein kan difor vanskeleg trekkje slutningar basert på endringar av ein indeks frå eit år til neste. Ein treng data for fleire år for å kunne sjå ein trend.


Verktøyet vert betre og mindre utsett for tilfeldige avvik m.v. dess større datamengd som ligg til grunn.

### 4.4.1 Bestandsutvikling

Indeksane for Sett hjort pr jegerdagsverk/time, Sett kolle pr. bukk, Sett kalv pr. kolle og Sett spissbukk pr bukk gjev uttrykk for bestandsmessige tilhøve som bestandsstorleik og bestandssamansetjing/struktur.

#### Sett Hjort pr jegerdagsverk

Denne indeksen gjev uttrykk for endringar i bestandsstorleik, der avtakande indeks tilseier nedgang i bestandstettleik og aukande indeks bestandsvekst.




Figur 9: syner kor mange hjort som vert observert per jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre..

Den særskilt høge indeksen i 2017 skuldast mest truleg tilhøve knytt til observasjonstilhøve med mykje fint ver under jakta det året. For 2015 var den tilsvarende lågare enn «normalt» noko som og mest truleg skuldast observasjonstilhøve då ein ser dette igjen for store område. I 2018 vart instruksjonen for registrering av «dobbelobservasjonar» endra noko som kan ha medført at indeksen då vert høgre enn før ved same bestandstettleik. Bruk av termisk kikkert under jakta har auka betydeleg dei seinare åra noko som medfører at det vert observert fleire hjort enn utan som og vil påverke indeksen. Så

sjølv om indeksen har vore rimeleg stabil etter 2017 har ein likevel hatt bestandsreduksjon. Tilbakemeldingar frå jegerar er og eintydige på at det dei seinare åra har vorte færre hjort å sjå. Ein legg difor til grunn at ein har hatt vidare bestandsreduksjon i åra etter 2018 sjølv om Sett hjort per jegerdag ikkje tilseier dette.

### Sett Kolle pr Bukk

Indeksen for Sett kolle pr bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestandane. Det har dei seinare åra vorte meir fokus på viktigeita av å ha nok hanndyr i bestandane. Utan nokon vitskapleg dokumentasjon så reknar ein utifrå erfaringstal at indeksen bør ligge stabil under 1,5 og gjerne langt lågare. Ein skal vere klar over at indeksen ikkje speglar den faktiske fordelinga i bestandane. Resultat frå *Overvakingsprogrammet for hjortevilt* syner at bukkane lettare let seg observere enn kollene og såleis er det færre bukk pr kolle i dei faktiske bestandane enn det Sett kolle per bukk tilseier.




**Figur 10: Syner kor mange koller som vert observert per observert bukk (medrekna spissbuk) og gjev uttrykk for endringar i kjønnsfordelinga blant dyr 1,5 år og eldre i bestanden.**

Trenden for perioden her er svakt minkande noko som tyder på at det vert meir hanndyr i høve hodyr i bestanden. Dette samsvarar og med ei overvekt av hodyr i jaktuttaket dei seinare åra. I 2020 hadde ein her ein "unormalt" høg indeks som må skuldast observasjonstilhøve og ikkje bestandsmessige endringar. Om ein ser vekk frå denne så vert den minkande trenden enno større enn det som syner her.

### Sett kalv pr kolle

Denne indeksen gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Utifrå erfaringstal så reknar ein at denne indeksen bør ligge stabil over 0,6.




**Figur 11:** *Indeksen syner kor mange kalvar det er observert i høve kor mange koller som er observert og gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden.*

Indeksen har i lengre tid vore nokolunde stabil kring 0,6 og tyder så leis ikkje på nokon endring i andelen koller som har kalv. Ein stor del kalv i uttaket dei seinare åra kan her ha vore med å påverke denne indeksten negativt slik at det faktisk er ein aukande del av kollene som før fram kalv utan at det syner på indeksten.

#### Sett spissbukk pr bukk

Indeksen for Sett spissbukk pr bukk gjev uttrykk for aldersfordelinga til hanndyra i bestanden. I indeksten for Sett kolle pr bukk er spissbukk og rekna med som bukk. Ein høg indeks for Sett spissbukk pr bukk tilseier dermed låg gjennomsnittsalder for hanndyra i bestanden.




**Figur 12:** *Syner kor mange spissbukk som vert observert i høve bukk.*

Trenden for indeksten er svakt aukande for perioden. Dette kan tyde minkande gjennomsnittsalder til hanndyra i bestanden og samsvarar ikkje med avskytinga der eldre hanndyr no lenge har utgjort ein mindre del av jaktuttaket.

#### 4.4.2 Jakttrykk


Kor stor del av dei dyra som jegerane observerar som vert felt kallar ein for jakttrykk. Dette er indeksar for kor mange prosent av dei observerte dyra som vert felt. Dette gjev utrykk for kor hardt jakttrykket er på dyr av ulike kategoriar. Desse indeksane kan og vere med å underbyggje indeksane for bestandsutvikling t.d. om indeksen for Sett hjort pr jdvt/time går ned i eit område og indeksane for felt av sett dyr samstundes aukar vil det vere med å styrke signala om bestandsreduksjon. Ein vil då raskare kunne reagere og setje i verk tiltak. Motsett vert det dersom Sett hjort pr jdvt/time går ned og tal felte av sette samstundes og går ned. Då må ein vere meir varsom og gjerne vente fleire år før ein får eintydige signal.



Figur 13: Syner kor stor del av observerte dyr av ulike kategoriar som vert felt.

Med litt årlege variasjonar i kor stor del av observerte dyr som vert felte synest indeksane å vere nokolunde stabile dei siste åra.

#### 4.4.3 Vårteljing



Figur 14: Syner totalt telte hjort på den teljedatoen det har vore telt flest dyr dei ulike åra.

Vårteljingane varierer mykje mellom år og det er såleis vanskeleg å trekkje nokon konklusjon om bestandsutviklinga utifrå desse tala.



#### 4.5 Status for bestandsutviklinga

Bestandsstorleiken vart redusert ein god del etter det store jaktuttaket ein hadde i 2017. Etter dette så har avskytinga lege godt over nivået før 2017 og ein har vidare årleg hatt ein mindre bestandsreduksjon. Grunna stor andel av kalv og ungdyr i jaktuttaket i åra etter 2017 består vinterbestanden i dag av ein større del produktive dyr (mindre kalv og ungdyr) enn tidlegare. Dette har medført ei høgare reproduksjonsrate og bestanden produserar i dag fleire kalvar per dyr i vinterbestanden enn tidlegare.

Kjønnsbalansen er i betring med fleire hanndyr i høve hodyr grunna ei overvekt av hodyr i jaktuttaket nokre år. Kjønnsbalansen er framleis skeiv med lite vaksne hanndyr i høve hodyr, så ein bør ha ei overvekt av hodyr i uttaket vidare framover. Slaktevektene for kalvar og ungdyr synest å vere stabile, kanskje teikn på auke for ungdyr siste åra.

### 5 Mål for bestandsplanen

#### 5.1 Hovudmål:

Hovudmålet er å ha ei produktiv og robust bestand med sunne og friske dyr som årleg produserer mest mogleg jaktobjekt/kjøtt utifrå det naturlege beitegrunnet.

Dette innafor det som er forsvarleg og akseptabelt i høve belastninga hjorten medfører for andre interesser som landbruk, samferdsle, overføring av smitte frå CWD og andre samfunnsinteresser.

Hovudmålet for bestandsutviklinga er å redusere bestanden noko og legge grunnlaget for ei stabil og robust vinterbestand noko under dagens storleik.

#### 5.2 Delmål:

- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden, - Sett kolle pr bukk bør liggje stabilt godt under 1,5
- Auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – fylgje opp slaktevektregistreringane.
- Auka produktivitet i bestanden, auke i indeksen for Sett kalv pr kolle

### 6. Handlingsdel – avskytingsplan

For å vidareføre betring i aldersstrukturen i bestanden skal ein ha ein stor del av uttaket vere kalv og ungdyr.

Totaluttaket må fyrste året aukast i høve føregåande periode for vidare bestandsreduksjon. Med ein betra kjønns og aldersstruktur i bestanden vil ein kunne ha ein større reproduksjon på ein mindre vinterbestand.

Fordelinga på kjønn bør ha ei overvekt av hodyr for å auke andelen eldre hanndyr i høve hodyr i bestanden.

#### 6.1 Avskytingsplan

Bestanden har vore i reduksjon nokre år og kor mykje den er redusert har ein ikkje sikre tal for, men det er ynskje om ein ytterlegare reduksjon og deretter stabilisering. For å oppnå dette må ein fyrste året ha ei avskyting på større enn siste året. Valda må difor ha tilstrekkeleg med fellingsløyve for å

kunne gjere dette. For å oppretthalde betre aldersstrukturen i bestanden må kalv framleis utgjere ein stor del av uttaket.

Bestandsplanområdet har mål om ei avskyting fyrste året på opp i mot 550 hjort for heile årsleveområdet samla. Deretter redusere avskytingsmålet til ca 450 hjort andre året og 350 hjort tredje året. For valda tilslutta bestandsplanområdet vert det hermed søkt om ein fellingskvote på 1.702 hjort til saman for planperioden 2023 - 2025. Fellingskvoten skal fordelast på vald og år i samsvar med tabellen nedanfor.

**Fordelinga av jaktuttaket for perioden samla skal fordelast slik:**

Vald id	Valdnavn	Teljande areal	2023	2024	2025	Daa pr tildelt gjsn
4642V0006	Tråna	4367	10	8	6	546
4642V0007	Stødno	17472	44	38	34	452
4642V0009	Hunderi	6337	18	15	13	413
4642V0010	Hauge	5044	14	12	10	420
4642V0011	Søndre Bjørkum	2850	9	7	6	389
4642V0013	Klovsteinteigen	1750	4	3	3	525
4642V0014	Voldum	1325	3	2	2	568
4642V0015	Horge	2769	7	5	4	519
4642V0016	Hatleberg	2365	5	4	3	591
4642V0017	Østre Smedalen	11867	12	10	8	1187
4642V0018	Kvamme	6577	11	9	7	731
4642V0019	Gramstølen	1312	3	2	1	656
4642V0025	Eggum	556	1	1	1	556
4642V0026	Kyrkjevoll	3297	6	5	4	659
4642V0027	Nesdalen Aust	4964	10	8	6	621
4642V0028	Nesdalen Vest	7460	14	11	9	658
4642V0034	70-757Vindedalen	22434	35	30	25	748
4642V0036	Kvigno	6434	16	13	9	508
4642V0037	Refsnes	13927	20	16	12	870
4642V0038	Tønjum	20363	50	44	38	463
4642V0039	Øyrali Vest	1117	3	2	1	559
4642V0040	Røyernes	1934	4	3	2	645
4642V0041	Eri	9200	24	21	17	445
4642V0044	Grøtte	10237	26	22	18	465
4642V0045	Hovardsete	2395	6	5	4	479
4642V0046	Bø	5368	15	12	10	435
4642V0047	Frønningen	46739	78	68	60	681
4642V0048	Mo/Raasdalen/Øyradalen	28816	78	68	60	420
4642V0050	Erdal Austre	9060	23	19	16	469
4642V0051	Bermål-Fodnes	11986	30	24	18	499
4642V0052	Vardahaug	1407	3	2	1	704
4642V0054	Kvitaberg	994	3	2	1	497
4642V0058	Ljøsendalen-Husum	12123	30	24	18	505
4642V0060	Ljøsne	12020	30	24	18	501
4642V0061	Oftedalen	897	3	2	1	449
4642V0063	Nordre Bjørkum	2575	7	5	4	483
4642V0065	Øyrali Aust	1617	5	4	3	404
4642V0066	Mørkedøla	5471	9	7	5	782

4642V0067	Eråksdalen Aust	2704	4	3	2	901
4642V0069	Steinkleppen	542	1	1	1	542
4642V0070	Kvenshagen	966	3	2	1	483
Sum/gjsn		311638	677	563	462	549
Sum planperiode					1702	

- Minimum 35 % kalv av samla uttak
- Maksimum 15 % eldre hanndyr
- Maksimum 15 % spissbukk
- Minimum 35 % hodyr 1,5 år og eldre
- Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal ha ei overvekt av hodyr
- Med unntak av for kalv kan dette avvikast einskildår og på valdnivå, det er sluttsummen for b estandsplanområde som gjeld.
- Valda har høve til å overføre inntil 20 %, minimum 1 dyr av tildelt kvote frå eitt år til eit anna.

## 6.2 Fordeling av fellingskvote til valda

Valda får tildelt fellingskvoten frå kommunen som valfrie dyr etter følgjande oppsett:

## 6.3 Overføring av fellingsløyve mellom vald, fellesjakt.

Det er høve å overføre fellingsløyve mellom valda i bestandsplanområdet jfr §19 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*. Dette kan gjerast både ved at valda overfører fellingsløyve gjevne i eit vald til eit anna vald og ved at vald let andre vald få jakte på sin fellingskvote på deira areal. Føremålet med slik overføring er å ha fleksibilitet for å nå måla i bestandsplanen og for å avverge skadepress på landbruksnæring. Valda kan overføre inntil 20 % av tildelte løyver, minimum 1 løyve frå eit år til eit anna.

Valda sjølve avtalar og organiserer overføring av fellingsløyve eller fellesjakt.

Alle jaktrettshavarane i dei involverte valda må samtykke før ein kan inngå slike avtalar.

Felte dyr ved fellesjakt/overføring av fellingsløyve skal rapporterast frå dei valda dei er tildelt.